
MØTEPROTOKOLL

Utvalg: Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF
Møtedato: 27.01.2020
Møtets varighet: 10:00 – 15:30
Sted: Storhornet, adm.-bygget Ålesund
Saksnr.: BU01/20 – BU14/20
Arkivsak: 2020/80

Møteleiar: Paula Næss Skår

Møtande medlemmer:

Ann Helene Skare
Atle Tangen
Janne Remøy Endresen
Anne Grete Mogstad
Jakob Strand
Asle John Giske
Beate Daniloff

Astri Stranden – vara for Asbjørn Ringdal

Fra administrasjonen møtte:

Administrasjonskonsulent Marianne Gravem (referent)

Andre:

Øyvind Bakke, adm.dir. under orientering frå adm.dir.
Henrik Erdal under presentasjon av sak BU06/2020 om Helseplattformen

Forfall:

Vara var også innkalla til første møte.
Asbjørn R. Gausdal
Daniel Ask meldte forfall

BU01/2020 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Brukarutvalet godkjenner innkalling og saksliste.

BU02/2020 Orientering frå administrerende direktør

Brukarutvalet tok ein presentasjonsrunde for den nye direktøren.

Administrerende direktør Bakke ønskjer å vere i dialog med dei tilsette i organisasjonen før han treffer viktige avgjerd og då vil han også at brukarutvalet er ein dialogpartner med deira bilete av kva som er viktig for pasientane. Openheit i denne dialogen ser adm.dir. som særskild viktig.

Deretter ein gjennomgang av dei aktuelle styresakene.

Vedtak:

Brukarutvalet tek orienteringane til vitende.

BU03/2020 Referatsaker

- Protokoll styremøte 11.12.2019
- Protokoll RBU 13.12.2019

BU04/2020 Representasjon i råd og utval – munnleg orientering

Paula Næss Skår	<ul style="list-style-type: none">- SNR BU 24.01- BU AU 06.01- Møte med Adm.dir. HMR 20.01
Ann Helene Skare	<ul style="list-style-type: none">- SNR BU 24.01- BU AU 06.01- Styremøte 11.12.19- Forhandlingsutval samhandlingsavtale 16.12.19- Barneblikk- Møter med kvalitet og pasientsikkerhet – utarbeiding styresak
Atle Tangen	<ul style="list-style-type: none">- Prosjekt prehospital tenester Misund- SNR BU
Janne Remøy Endresen	<ul style="list-style-type: none">- Klinisk samhandlingsutval for barn og unge – fast brukerrepr.- Habiliteringsbygget i Ålesund- Samarbeidsmøte HABU/HAVO- Utarbeiding i prosedyre for barn i narkose (utviklingshemma over 18 år)- Brukarpanel Helseplattformen – fast brukerrepr.
Anne Grete Mogstad	<ul style="list-style-type: none">- Lokalt samhandlingsutval Kr.sund- SNR BU

BU05/2020 Informasjon og innføring i brukarutvalsarbeid

Brukarutvalet fekk praktisk informasjon om mellom anna reiseregning, nettsidane med meir.

Vedtak:

Brukarutvalet tek orienteringa til vitende.

BU06/2020 Helseplattformen – status

Brukarutvalet fekk ein litt grunnleggande innføring og ein status på Helseplattformen v/ Henrik Erdal, fagleg leiar i HMR Helseplattformen.

Vedtak:

Brukarutvalet tek orienteringa om status til vitende.

BU07/2020 Styresak 04/20 Prinsipp for organisering av HMR

Saka blei presentert av AD og brukarutvalet drøfta saka i møtet og ga sine innspel.

Vedtak:

Brukarutvalet sluttar seg til direktøren sitt forslag til vedtak til styret.

BU08/2020 Styresak 06/20 vedtakslogg 2018 og 2019

Saka blei lagt fram for brukarutvalet og saka blei drøfta. Brukarutvalet ser på vedtaksloggen som eit godt verktøy.

Vedtak:

Brukarutvalet tek oppfølginga av styresakene til orientering.

BU09/2020 Styresak 07/20 Budsjett 2020 – orientering

Saka blei lagt fram for brukarutvalet og saka blei drøfta.

Brukarutvalet ber om at økonomidirektør gir ei generell orientering om budsjettarbeid og oppfølginga av budsjett i kommande møte.

Vedtak:

Brukarutvalet tek orienteringa til vitende og føreset at drift innafor vedteken budsjetttramme ikkje går ut over pasientbehandlinga.

BU10/2020 Styresak 08/20 Kvalitet og pasientsikkerhet - tiltak

Saka blei presentert av AD og nestleiar i brukarutvalet fortel også om arbeidet som er gjort i den styreoppnemnde hurtigarbeidande arbeidsgruppa som har sett på kva tiltak som skal prioriterast.

Vedtak:

Brukarutvalet støttar direktøren sitt forslag på vedtak til styret.

Brukarutvalet ber om å bli orientert om det vidare arbeidet i saka og kva konsekvensar eventuelle tiltak vil føre til for pasientane.

BU11/2020 Styresak 09/20 Årshjul styresaker 2020

Vedtak:

Brukarutvalet tek årshjulet til orientering og tek det inn i sitt eige arbeid i årsplanlegginga.

BU12/2020 Oppnemning i råd og utval

Prinsipp for utnemning av representantar er at ein i dei faste råd og utval blir valt for brukarutvalsperioden (2 år) og at ein som representant i prosjekt blir valt for heile prosjektperioden.

Vedtak:

Brukarrepresentantar som tidlegare er valt inn i faste råd og utval er valt igjen for ein ny to-årsperiode med unntak av dei som har bedt om å fristillast. Der er det valt inn nye representantar.

Ei oppdatert liste vil leggest ut på brukarutvalet sine internettsider.

Følgjande representantar skal delta på styremøtene i 2020:

Styremøte 29.1: Leiar av BU + Ann Helene Skare

Styremøte 26.2: Nestleiar av BU + Janne Remøy Endresen

Styremøte 25.3: Leiar og nestleiar av BU

Styremøte 13.5: Leiar + Beate Daniloff

Styremøte 10.6: Leiar + Atle Tangen

Styremøte 16.9: Leiar + Anne Grete Mogstad

Styremøte 14.10: Leiar + Asle John Giske

Styremøte 11.11: Leiar og nestleiar av BU

Styremøte 09.12: Leiar + Jakob Strand

Kvalitets- og pasientsikkerheitutvalet (2 stk): Ingrid Løset og Astri Stranden. Vara hhv: Ann Helene Skare og Paula Næss Skår.

Samarbeidsråd/kvalitetsråd: – val blir gjort når ny organisasjonsstruktur i HMR er etablert. Prinsipp for representasjon er at ein har to brukarrepresentantar per samarbeidsråd.

Rehabiliteringsprosjektet: Paula Næss Skår er valt inn i styringsgruppa.

Brukarpanelet i Helseplattformen: Brukarutvalet ber HMN RHF velje Ann Helene Skare eller Asle John Giske som erstattar for Asbjørn Gausdal som har gått ut av brukarpanelet.

Klinisk Etisk Komite: Ann Helene Skare og Anne Grete Mogstad. Vara er hhv Jakob Strand og Asle John Giske.

Vara for Inger Nossen Sandvik i Lokalt Samhandlingsutval Ålesund, er Asle John Giske.

Styringsgruppe for forbetningsprogram i HMR: Ingrid Løset er valt som vara for Ann Helene Skare.

Prosjekt videokonsultasjon: Jakob Strand er valt som representant nummer to i denne gruppa, saman med Ann Helene Skare som fortset.

Brukarutvalet for SNR: Paula Næss Skår er valt inn som erstattar for Torill Bøe som er gått ut av utvalet.

Sekretær for Brukarutvalet sender ut oversikt til brukarrepresentantane på kva utval dei er valt inn i kva periode samt at dei ulike råd og utval blir orientert om kven som er valt inn.

BU13/2020 Handlingsplan og retningsliner for Brukarutval HMR

Som følge av knapp tid i brukarutvalsmøte, ber ein om at AU får fullmakt til å utarbeide eit utkast til handlingsplan for brukarutvalet for perioden 2020-2021.

Vedtak:

Brukarutvalet gjev AU i Brukarutvalet mandat til å jobbe vidare med å lage eit utkast.

BU14/2020 Godkjenning av møteprotokoll 01/2020

Vedtak:

Brukarutvalet godkjenner protokoll 01/2020 frå 27.01.2020.

Ålesund, 27.01.2020

<hr/> <hr/> Paula Næss Skår	<hr/> <hr/> Ann Helene Skare	<hr/> <hr/> Janne Remøy Endresen
<hr/> <hr/> Atle Tangen	<hr/> <hr/> Asle John Giske	<hr/> <hr/> Anne Grete Mogstad
<hr/> <hr/> Beate Daniloff	<hr/> <hr/> Jakob Strand	<hr/> <hr/> Astri Stranden
<hr/> <hr/>	<hr/> <hr/>	<hr/> <hr/>